

# IFYE-nytt <sup>0107</sup>



Foto: Jon Kåre Solås

Av deltagerne på den Sveitsiske IFYE klubbens skitreff i januar var det en betydelig andel som alt er klar for sommerens konferanse i Norge!

## I årets første nummer av **IFYE-nytt** finner du:

- Invitasjon til **årsmøtehelg** i Oslo 9. – 11. mars
- – noen for meg – noen for deg –
- Innkalling til **årsmøte 10. mars**
- IFYE-skop
- Bestill nye **IFYE-kort** til konferansen!
- E-postliste
- Konferansenytt **Melsom 2007**
- Juleavslutning
- **Kontingent 2007**



Til:

Retur:

Bodil Pedersen  
Kirkegata 167  
5525 HAUGESUND

Frimerke

## Leiaren semi-live from Costa Rica!

I skrivande stund er eg i Costa Rica – for fyrste gong etter IFYE-opphaldet. Ein maur krabbar over tastaturet, men han gjer meg ingenting, så han lyt no berre få krabbe der.

Målet med turen var å ha litt ferie, feire bachelor-graden min, og sjølvsagt besøke att alle vertsfamiliane, i tillegg til andre vener. Eg ser ting her litt annleis no som eg har fordøydd alle inntrykka frå sist gong eg var her, og gjort ferdig spansk- og Latinamerikastudiane mine. Fyrste gongen eg var her gjekk det fort å venne seg til ting, men denne gongen ser eg kanskje i tillegg meir kvifor ting er som dei er. Dessutan trur alle her at eg er "tica", så eg får gå meir i fred, meir avslappa!

Til no har eg besøkt halvparten av vertsfamiliane, og gleda har vore gjensidig! Når eg kjem att slik etter to år legg dei merkje til alt som måtte vera forandra, og her er dei heller ikkje redde for å kommentere og spørja om alt som måtte vera – klede, vekt, kroppsfasong, hårfrisyrer, språk, kjærsteri – alt skal oppklarast! Det er artig å sjå korleis familiane har utvikla seg. Det meste er uforandra, men syskena har vokse, nokon gifta seg (eg fekk gleda av å vera med i bryllaupet til eine vertsbroren min!), også har dei gjerne hatt tilgang på internett nokre månader, før tordenværet eller noko anna tok knekken på det. Det har i alle fall vore veldig kjekt å treffe att vertsfamiliane (og sjølvsagt naboar, slekt og andre vener...), det er noko eg kan tilrå å gjera, for dei som har moglegheit!

Ivrig etter å fortelja om Costa Rica, har eg jo gløymd å ønskje godt nytt år - ¡¡Feliz año nuevo a todos!! Med eit nytt år kjem moglegheiten til å rekruttere nye IFYE-ar fram mot søknadsfristen i november. No på nyåret har ein mange moglegheitar til å drive rekruttering – til dømes på plakettfestar, DAF-kurs, storkurs, etc. Ta kontakt med styret om du ønskjer å få tilsendt brosjyrer. På nettsidene våre [www.ifye.no](http://www.ifye.no) finn du ein generell power point-presentasjon om IFYE som er til fri bruk for alle!

I møte med 4H-arar rundtomkring, til konferansen i sommar, på reise, og ved alle andre høve der ein treff folk ein gjerne vil ha kontakt med, er det jo bra å ha visittkort. Har du gått tom for IFYE-visittkort seier du? Fortvil ikkje! På nest siste side kan du lesa meir om korleis du kan få deg nye, flotte visittkort!

Eg skal kose meg her i Mellomamerika den neste månaden, men kjem attende til Norge før årsmøtet, med fullada batteri, gylden hud, mange fine bilde, mykje å fortelja, og ny energi for å ta fatt på det som måtte koma! Eg håpar eg ser deg i Oslo den andre helga i mars (sjå invitasjon på neste side) !

¡Hasta luego, amigos!

Ingebjørg

### NIFYEA-STYRET 2006

[styret@ifye.no](mailto:styret@ifye.no)

Leder:

**Ingebjørg Øveraasen**

Busmundrudgutua 34

2365 ÅSMARKA

980 32 174

[ingebjorg.overaasen@online.no](mailto:ingebjorg.overaasen@online.no)

Nestleder:

**Eirin Kristiansen**

Drotningstovveien 90 F

5179 GODVIK

913 64 115

[eirin\\_smiley@hotmail.com](mailto:eirin_smiley@hotmail.com)

Kasserer:

**Ann-Karin Aas**

Ravatseng

8658 MOSJØEN

971 18 718

[ann\\_karinaas@hotmail.com](mailto:ann_karinaas@hotmail.com)

Sekretær:

**Bodil Pedersen**

Kirkegata 167,

5525 HAUGESUND

404 51 972

52 72 13 97

[bodilp@gmail.com](mailto:bodilp@gmail.com)

Styremedlem:

**Ingeborg Hjelt Kramprud**

Tidemannsgate 5D

7030 TRONDHEIM

48006579

[ingeborg\\_hk@hotmail.com](mailto:ingeborg_hk@hotmail.com)

Vara:

**Jon-Kåre Solås**

c/o Johansen, Dagaliveien 54B

0783 OSLO

971 55 058

[jon.kaare.solaas@gmail.com](mailto:jon.kaare.solaas@gmail.com)



**NIFYEA har endelig fått i gang en egen e-postliste for at medlemmene lettere kan komme i kontakt med hverandre og slik at styret lettere kan få ut informasjon til medlemmene. Ønsker du å motta e-post fra [medlemmer@ifye.no](mailto:medlemmer@ifye.no)? Send en e-post [jon.kaare.solaas@gmail.com](mailto:jon.kaare.solaas@gmail.com) så blir du satt opp på lista.**

# Invitasjon til årsmøtehelg og innkalling til årsmøte! Oslo 9.-11. mars 2007, årsmøte: 10. mars



Med dette inviterer NIFYEA til årsmøtehelg i hovedstaden 9.-11. mars, og kallar samstundes inn til årsmøte laurdag den 10. mars kl. 11.00 – velkomne!

## Program:

**Fredag:** *frå kl. 17.00:* vi samlast i resepsjonsområdet til Anker Hostel for sosialt samvere og sprell (her er det sofagruppe, bar, og moglegheiter for å kjøpe litt mat). Styret skal ha eit lite møte.

**Laurdag** **kl. 11.00:** årsmøte i Domus Medicus, rett ved Rikshospitalet. Møt ved hovudinngangen. For dei som ikkje kjører eller går kan ein ta trikken til Rikshospitalet eller t-banen til Gausta.

*kl. 18.00:* vi møtast for å eta middag. Vi reserverer bord på Brasserie 45 (sei ifrå til Eirin om du skal vere med, så vi får tinga plass til rett antal). Dei held til i nyoppussa lokale i 2. etasje i Stortingsgata 20 (tidlegare Frascati) – ein av sentrums beste plasseringar, ikkje langt frå Nationaltheateret, Karl Johans gate og Rådhuset. Her serverar dei nydelig kontinentalsk mat, basert på dei ferskaste råvarer av høgaste kvalitet. Prisane finn du truleg ikkje maken til midt i bykjernen (billige smårettar, samt 3-retters frå kr 259, sjå [www.brasserie45.no](http://www.brasserie45.no)).

**Sundag** *kl. 10.00:* nytt og gamalt styre møtast, vi avtaler plass rett etter årsmøtet. Moglegheit for møte i underkomiteane til konferansen  
*kl. 14.00:* spasertur i Frogneparken for dei som ønskjer

Om du ikkje finn fram dit du skal i løpet av helga, ta kontakt med Ingebjørg på 980 32 174. Ved spørsmål før årsmøtehelga, ta kontakt med Eirin, som er ansvarleg. Kontaktinformasjon lenger ned.

Sakspapir til årsmøtet blir lagt ut på [www.ifye.no](http://www.ifye.no) innan 10. februar. Vi oppmoder årsmøtedeltakarane til å sjølv skrive ut papira og ta dei med på årsmøtet. Dei som ønskjer å få sakspapira tilsendt i posten, tek kontakt med Eirin Kristiansen (Drotningstveien 90 F, 5179 Godvik, mobil: 913 64 115, tlf: 55930890, e-post: [eirin\\_smiley@hotmail.com](mailto:eirin_smiley@hotmail.com)). Ein lyt ha betalt kontingent for 2007 for å ha røysterrett på årsmøtet.

## Mat og overnatting:

Vi opererer ikkje med ein samla pakkepris for årsmøtehelga i år. Når det gjeld mat fredag kveld og under årsmøtet laurdag, satsar vi på felles innkjøp for dei som er til stades og ønskjer det. Morgonmat laurdag og sundag ordnar kvar og ein med der ein overnattar (eller etter eige ønskje). Laurdag kveld går vi ut og et, kvar og ein betalar for seg.

For overnatting tilrår vi Anker Hostel ([www.ankerhostel.no](http://www.ankerhostel.no)), som ligg sentralt i Storgata i Oslo. Her kostar ei seng i 5-6-mannsrom kr.185 per natt, og kr. 65,- for morgonmat. For at dei som skal ligge der blir nokolunde samla, tingar vi samla, men alle betalar kvar for seg. Sei ifrå til Eirin (kontaktinformasjon ovanfor) innan 14.februar om du vil bu der!

## Ta med:

Eventuelle bilde frå dei siste reisene dine, strikkesaker om du er *slik*, årsmøtepapir og meiningar om sakene, lomme pengar til mat og lodd, sko som er over middels gode å gå i, finstas og nypussa dansesko til laurdag kveld, og sjølvsgat det gode humøret!

Vel møtt!

Helsing frå styret i NIFYEA

# Konferanse 2007 nytt!



Så er det blitt 2007 og året vi skal være vertskap for den Europeiske IFYE konferansen. Nå midt i januar åpner vi for nettpåmelding for våre utenlandske gjester. Vi vil også lage et eget skjema for de norske. Dette er klart både på hjemmesiden og til å sende til de som ber om det fra 1. mars. Påmeldingsfrist for de norske blir også 31. mars.

Vi har tidligere flagget at samlet oppdatering av status for hovedkomiteens arbeid skulle sendes ut i løpet av januar. Nå har dessverre planlagt møte blåst bort etter uvær på planlagt møtedag og nytt møte blir i månedsskiftet jan/feb. Derfor blir denne informasjonen noe forsinket.

Likevel er det mye som har skjedd fram til nå og som skjer i disse dager. Vi har hatt møter med 4H Norge, 4H Vestfold og et møte med skolen der endelige premisser er lagt. Noen forandringer blir det ut i fra brannvernregler som er blitt noe strammere på skolen det siste året og gjør at sovesalalternativet ikke lar seg gjennomføre. Ombygging av et av byggene gir også en liten endring i antall rom. Skolen tilbyr oss i stedet å legge opp til tremannsrom og da blir det ingen vesentlig endring i antall deltakere vi kan ta i mot. Vi ble veldig godt mottatt og møtte generelt stor velvilje på våre ønsker. Bolærneturen lar seg ikke gjennomføre på grunn av transportmulighetene. Båtene som finnes til formålet går i oppsatt rute og gjør det ikke mulig å få transportert oss, slik vi hadde regnet med. MEN det blir båttur til Verdens Ende og dette blir minst like bra tror vi.

Komiteene er i arbeid og budsjettet blir revidert. Info om alt dette blir sendt de som er involvert i konferansen så snart det er ferdig og det legges ut på hjemmesiden.

I skrivende stund er jeg på veg til organisasjonskurs for Vestfold bygdekvinnelag der vi er invitert til å presentere konferansen og se hva vi kan samarbeide om. Jeg tar med "verveskjemaer" til vertsfamilier og satser på god fangst blant de 55 deltakerne.

Vi sees på årsmøtet!!


Hilsen hovedkomiteen ved Hilde



## IFYE-skop 2007



- ♈ Hald ein presentasjon om IFYE-programmet for potensielle søkarar (på DAF-kurs etc.)!
- ♉ Sel IFYE-kulepennar (på same måte som du før har seld 4H-lodd)!
- ♊ Meld deg som hjelper på konferansen i sommar!
- ♋ Meld deg på konferansen på Melsom i sommar!
- ♌ Del ut IFYE-brosjyrer til potensielle søkarar!
- ♍ Ver synleg som IFYE på 4H-arrangement!
- ♎ Kom på årsmøtehelga i Oslo 9.-11. mars!
- ♏ Hugs å betale kontingenten!
- ♐ Meld deg som vertsfamilie!
- ♑ Verv ein vertsfamilie!
- ♒ Skriv til IFYE-nytt!
- ♓ Verv ein IFYE!



## Juletreff for NIFYEA 8. desember på Yaya's restaurant på Majorstua

Av Jon Kåre Solås

For å markere slutten på eit nytt IFYE-år og ta farvell med den siste IFYE-en som vitja landet i 2006, Claudia frå Costa Rica, vart det tradisjon tru også i år invitert til juletreff. Ein travel fredagskveld i julestria førte ikkje med seg det store oppmøtet, men kjennarar av god atmosfære og god mat lot seg likevel lokke til Yaya's sydande gryter. Vi hadde eit par hyggelege timar saman med god mat og snakk, der påde Claudia sine opplevingar og konferansen som ligg føre oss var viktige tema.

## Sveitsisk IFYE skitreff 13.-14. januar i Sannenmøser, Sveits

Av Jon Kåre Solås

Som sjølvutnemnt utsending frå NIFYEA deltok eg den årlige skisamlinga til den Sveitsiske IFYE-klubben. I fjor var det særst gode forhold med nysnø, mens global oppvarming, eller i alle fall ekstreme tilhøve gjorde at det var meir vårstemning i år. Likevel samla treffet 35-40 personar med ein hærleg ostefondue som høgdepunkt. I tillegg til meg var det 3 Nederlandarar som vitja skihelga og den eine hadde endåtil køyrd 1200 km frå Polen. Sveitsarane er i godt gjenge med konferanseplanlegginga og mange har lagt planar for deltaking på konferansen i sommar.

## Lyst på nye visittkort?

Har du gått tom for visittkort? Lyst på nye til konferansen i sommar? Eller treng du dei før? Det er ikkje mogleg å tinge nye IFYE-visittkort gjennom 4H Norge, men NIFYEA kan no tilby flotte visittkort!! Dei inneheld bilde, namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse, land og år du var IFYE i, IFYE- og 4H-logo, og kart på baksida. Bilde, logoar og bakgrunn blir i fargar (bakgrunnen blir det same, fine himmelblå globusmotiv som vi har på dei nye brosjyrene våre).



*Omtrent slik blir dei nye visittkorta!*

Prisen er kr. 150,- for 100 stk., og du kan tinge kor mange du vil, i tal på heile 50 (min. 50 stk. (kr. 75,-), maks. ubegrensa (ditto pris...)). Ting visittkorta ved å sende ein e-post til ingebjorg.overaasen@online.no, med namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse, land og år du var IFYE i, og eit digitalt bilde (portrett) i god kvalitet. **Ting innan 1. mars, og du får levert visittkorta i årsmøtehelga!** Om du tingar etter 1. mars, lyt du legge til riktig sum for porto (kr. 13,- for 50 kort, kr. 22,- for 100-200 kort, kr. 55,- for 250-600 kort, kr. 120,- om du skulle trenge 650 eller fleire...) på beløpet du skal betale. Sett pengane inn på NIFYEA sin konto nr. 5081.07.51255 (NIFYEA v/Ann-Karin Aas, Ravatseng, 8658 Mosjøen) samstundes som du tingar visittkorta, merk betalinga med "visittkort xxx stk., <namnet ditt>".

## – noen for deg, noen for meg? –



**Jon Søli** søker noen som vil være med ham og bade i Melsomvik i juli (ta kontakt i løpet av årsmøtehelga, eller ved en annen anledning før/under konferansen).



**Ann-Karin Aas** søker noen som vil være med og danse salsa i Oslo i mars (ta kontakt under årsmøtehelga, før lørdag kveld).



**Ingebjørg Øveraasen** søker noen hun kan sitte på med fra Ringsaker til Oslo 9. mars (ta kontakt før denne datoen på 98 03 21 74).



**Arnfinn Horneland** søker noen han kan møte på Gardermoen 9. mars (ta kontakt før denne datoen på 97 57 87 07).



**Eirin Kristiansen** søker noen som vil massere skuldrene hennes i Oslo i mars (ta kontakt i løpet av årsmøtehelga).



**Arne Forbord** søker noen som vil møte ham på Oslo S den 9. mars (ta kontakt på 91 81 04 81 før denne datoen).



**Kristine Nyborg** søker noen som vil dele en flaske vin med henne (ta kontakt på 92 28 64 96).



**Gaute Gjein** søker noen som kan gi ham en halspastill 10. mars (ta kontakt før/under årsmøtet).



**Anne Sofie Sommerseth** søker noen hun kan praktisere spansk med (gjærne i løpet av årsmøtehelga).



**Jon Kåre Solås** søker noen som vil sitte på med ham til Melsomvik i juli (ta kontakt i løpet av årsmøtehelga).



**Ingeborg Hjelt Kramprud** søker noen å lage middag sammen med i Trondheim (ta kontakt i løpet av årsmøtehelga).



**Christian Harholt** søker noen som kan være periodevis barnevakt i juli (ta kontakt i løpet av årsmøtehelga).



**Inger Christine Groseth** søker noen som vil være med og bade badstue, og noen til å være hundepasser samtidig (ta kontakt i løpet av årsmøtehelga).



**Bjørn Børke** søker mange til å melde seg til underkomiteene til konferansen (ta kontakt i løpet av årsmøtehelga eller se nettidene).



**Marianne Hjerpeset** søker noen som vil være med og gå på IFYE-kafé i 2007 (ta kontakt i løpet av årsmøtehelga).